

Referat styremøte 05.11.25

Til stades: Ulla Markussen, Monica Ovedal, Arna Reidun Sinnes, Åse Skreå
Åsemoen, Åse-Berit Fidjeland og Tone Østtveit Kvinenm(sak 505/2025)

Meldt avbod: Bjørg-Anny Tjørhom

Sak 01/2025 Godkjenning av sakliste og referat frå siste møte
OK

Sak 02/2025 Rekneskap v/Monica

Sak 03/2025 Konstituering av styret
Bjørg Anny fortset som nestleiar og Monica som kasserar.

Sak 04/2025 Bli kjend-runde og forventingar til styreåret
- vera kjekt, gje overskot
- inkludering; mennesket i sentrum
- begrensa kapasitet

Sak 05/2025 Oppdatering (for nye styremedlem) v/Tone

- a) Prosjekt tradisjonsmat m/Sirdal tradisjonsmat og historielaget – å gje ut bok med oppskrifter frå Sirdal, og dei har vore samla ein dag. Arna var med og skreiv opp oppskrifta etter kvart som Torbjørg kokte, og Eli Haugen tok bilete av maten. Sirdal veteranbilkubb var invitert og 28 stk kom, både frå Sirdal og Helleland

Torbjørg (lærer og Sirdal tradisjonsmat), Tone, Arna, May Britt, Marit og Lilliane (har vore på gamleheimen og dagsenteret) sit i prosjektgruppa nå. Har tenkt litt på ein kalender i "same slengen".

Gruppa har planar om medlemsmøte i Næringsforeningen med mål om å få sponsorinntekter frå ulike bedrifter.

Det må vera eit eige prosjekt og eige budsjett i Sirdal bygdekvinnelag, og Monica må ha alle bilag. Gruppa satsar på at arbeidet er ferdig til desember 2026.

b) Tilskuddsportalen – skjermmøte

Ulla og Monica var på kurs saman med Tone.

Tone og May Britt vil søkja midlar til boka.

Tone har søkt Kultur og tradisjon og fått kr. 6000,-.

- c) "Kulturmafiaen" – arbeidsgruppe som starta etter bli kjend-turen til bygdetunet der Magnar Undheim fortalde ein del historie frå bygdetunet. Bygningane må ikkje forfalla, og gjenstandar gitt til kommunen til bygdetunet må bli tatt vare på. Bygdekvinnelaget (Tone og Torbjørg), historielaget (Magnar, Torfinn, Odd) , bondelaget (Tor Arne) og husflidslaget (Anny) er med.

Dei har hatt fire (4) møte (Odd, Tone, Magnar og Per Magne, Tor Arne og Anny) med kommuneadministrasjon og ordførar;

- full stilling
- ta vare på bygningar og lagerrom
- ta vare på gjenstandar
- ☐ kulturARV

Gruppa har sendt innspel til kommunen sin kommunedelplan.
Tone blir med i gruppa vidare frå bygdekvinnelaget.

Sak 06/2025 Saker på årsplan 2024-2025

- a) Peparkakebygda – Anja er med på dette, slik at det blir ei bygd både på Sirdal folkebibliotek og Sinnes filial. Plakatar og sosiale medium er oppdaterte.
- b) Persesyltekveld (Siri Fidjeland ansvarleg)
- c) Juleavslutning m/bondelaget

Sak 07/2025 Årsplan 2025-2026

Kva – Kor og når – Kven – Medlemsmøte/ope for alle

- Tore Nærland, sjå e-post
- strikkekurs/handarbeidskurs
- glutenfri mat, laktosefri mat
- basar

Det blir medlemsmøte **13. januar kl. 19.00** i kantina til Risa, Tonstad der ein diskuterer idear/utarbeider årslan

- legg hovuda i bløyt! På heimesida, FB (Monica) og e-post
- kort om heimesida v/Åse-Berit

Ulla og Monica ordnar rom og servering.

Sak 08/2025 Møteplan 2025-2026

20. januar kl. 19.00 (Risa)

Sak 06/2025 Anna

- e-post: Skal me bruka Gmail eller Outlook, og satsar på det første.
- referat på heimesida – ja...
- søknad frå Solbjørg/grendehuset om "Graut og prat" om støtte på kr. 1500,-

Vedtak: Me støttar søknaden.

Monica får kvitteringane og betalar ut i etterkant.

Åse-Berit (skrivar)